



STORD
KOMMUNE



Årsplan Furuly barnehage 2021/2022

Visjonen vår:

«Glade og trygge barn som har tru på seg sjølv og omtanke for andre»

Innhald

Innleiing.....	3.....	3
Presentasjon av barnehagen	4.....	4
KAP 1 Omsorg.....		11
KAP 2 Danning		12
KAP 3 Leik.....		14
KAP 4 Læring		15
KAP 5 Venenskap og fellesskap		16
KAP 6 Kommunikasjon og språk.....		16
KAP 7 Barn sin medverknad		16
KAP 8 Samarbeid mellom heimen og barnehagen.....		17
KAP 9 Overgangar		19
9.1 Når barnet begynner i barnehagen		19
9.2 Overgangar i barnehagen		20
9.3 Overgangen mellom barnehage og skule		20
KAP 10 Barnehagen som pedagogisk verksemd		21
10.1 Planlegging		21
10.2 Vurdering		22
10.3 Dokumentasjon		22
10.4 Tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbodet for barn som treng ekstra støtte		
10.5 Barnehagen som lærande organisasjon		24
KAP 11 Arbeidsmåttane til barnehagen.....		24
11.1 Progresjon		25
11.2 Digital praksis		25
11.3 Lokale satsingar		26
11.3.1 Kompetanseheving - ReKomp.....		26
11.3.2 Berekraftig utvikling		26
Godkjenning av årsplanen.....		28

Innleiing

Barnehagen skal vera ei pedagogisk verksemd som skal planleggjast og vurderast. Barn og føresette har rett til å medverka i desse prosessane. Målet med barnehagen som pedagogisk verksemd er å gi barna eit tilrettelagt tilbod i tråd med barnehagelova og rammeplanen. For å oppnå dette skal barnehagen vera ein lærande organisasjon, og det pedagogiske arbeidet skal vera grunnlagt i barnehagelova og rammeplanen.

Planlegging gir personalet grunnlag for å tenkja og handla langsiktig og systematisk i det pedagogiske arbeidet. Planlegginga skal bidra til kontinuitet og progresjon for enkeltbarn og barnegruppa. Planlegginga synleggjer korleis barnehagen tolkar og realiserer rammeplanen, og skal vera utgangspunkt for refleksjon og utvikling av verksemda.

Planlegginga må vera basert på kunnskap om trivselen til barn og den allsidige utviklinga deira, både individuelt og i gruppe. Ho skal òg vere basert på observasjon, dokumentasjon, refleksjon, systematisk vurdering og samtalar med barn og føresette.

Barnehagen skal utarbeida ein årsplan. I tillegg skal det utarbeidast planar for kortare og lengre tidsrom og for ulike barnegrupper etter behov. Årsplanen er ein arbeidsreiskap for barnehagepersonalet og dokumenterer vala og grunngevingane til barnehagen. Årsplanen kan gi informasjon om barnehagens pedagogiske arbeid til myndighetsnivåa, samarbeidspartane til barnehagen og andre interesserte.

Styraren skal leie prosessen med å utarbeida årsplanen. Årsplanen skal fastsetjast av samarbeidsutvalet i barnehagen. Årsplanen skal visa korleis barnehagen vil arbeida for å omsetja formålet og innhaldet i rammeplanen og dei lokale tilpassingane i pedagogisk praksis. Årsplanen skal mellom anna visa korleis barnehagen arbeider med omsorg, leik, danning og læring. Her må også progresjon tydeleggjerast. Ein skal synleggjere korleis medverknaden frå barn og føresette vert teken inn i planleggingsarbeidet, og korleis barnehagen vurderer det pedagogiske arbeidet sitt. Det skal òg koma fram korleis barnehagen arbeider med tilvenning av nye barn og sikrar samarbeid og samanheng med skulen.

Frå Rammeplanen, kap.7

Barnehagen si årsplan har eit tidsperspektiv på 1 år og følgjer barnehageåret.

Presentasjon av barnehagen

Furuly barnehage er ein kommunal barnehage som ligg på Ådland i flotte omgjevnader med skog og sjø i nærområdet.

Barnehagen var ny i 1988 og er ein liten barnehage med tre avdelingar der "alle kjenner alle". Personalet som jobbar hjå oss har høg fagleg kompetanse og erfaring. Barn og foreldre møter og vert kjend med heile personalgruppa då me har tett samarbeid på tvers av avdelingane.

Me har 10 årsverk fordelt på styrar, pedagogiske leiarar og fagarbeidarar. Me har eit reflekterande miljø der me vågar å stille spørsmål ved vår eigen praksis, og jobbar barnehagebasert med kompetanseheving.

Me samarbeider med PPT, helsestasjonen og barnevernet. Me er opplæringsbedrift for lærlingar i barne- og ungdomsarbeidarfaget og øvingsbarnehage for barnehagelærarstudentar ved Høgskulen på Vestlandet, Hvl.

Barnehagen har plass til ca. 45 born i alderen 1-6 år. Dette året har me 40 barn; 16 på småbarnsavdelinga, og 24 fordelt på dei to avdelingane for store barn.

Avdeling Maurtua	1-3 år
Avdeling Grøn	3-6 år
Avdeling Raud	3-6 år

Opningsstida er kl.06.30 - kl.16.15.



Visjonen vår:

«Glade og trygge barn som har tru på seg sjølv og omtanke for andre»

Me jobbar for at alle barna skal få positive opplevingar i barnehagen ved å høyre til i eit fellesskap, utvikle venskap og sosial kompetanse. Arbeidet vårt byggjer på eit heilheitleg læringssyn der omsorg og leik, læring og danning saman er grunnlaget for barna si utvikling.

Dagsrytmen vår

06.30: barnehagen opnar
09.00-09.45: frukost
09.00-12.00: gruppetid
12.00: lunsj
13.00: leik inne / ute
14.00: fruktstund/knekkebrød
16.15: barnehagen stengjer

Alle avdelingane har felles frukost kl 09.00.
Dersom barna kjem seinare enn kl.09.00 må dei ha ete heime.

Dei borna som kjem tidleg og ikkje har ete noko heime kan ha med seg t.d. ei skive, ein yoghurt eller ei frukt.

Dagane på småbarnsavdelinga har ein litt anna rytme enn på dei to andre avdelingane. Her er dagane styrt av mange rutinar og borna sine behov. Men ofte tek dei ein tur ut etter frukost, eller har eit opplegg inne. Då går dei ut etter kvil og lunsj.

Om morgonen samlast Grøn -og Raud avdeling på Allrommet.
I gruppetida er det tid for pedagogiske aktivitetar som t.d. samling, forming, språkstimulering eller uteleik/tur.
Etter lunsj går dei barna ut som har vore inne på føremiddagen. Årstida og veret avgjer kor lenge me er ute. Om våren og sommaren er me ofte ute resten av dagen.

Fotografering

Kvar haust kjem det ein profesjonell fotograf til barnehagen og tek portrettbilete og gruppebilete av barna.
Bileta vert tilgjengeleg digitalt for gjennomsyn og det er ingen kjøpeplikt.

Sjuke barn

Når barnet sin allmenntilstand ikkje er bra og barnet har feber skal barnet vere heime. Når barn er sjuke er det best for dei å vere heime med gode omsorgspersonar i rolege omgjevnader.
For at barnet skal vere i barnehagen må barnet vere heilt frisk og kunne vere ute.

Dersom barnet får omgangssjuka anbefaler Folkehelseinstituttet at barnehagebarn vert heime 48 timer etter siste symptom. Årsaka til det er at små barn er ekstra tett på kvarandre og faren for smitte er stor.

Verdiane våre

Personalet i Furuly skal vere:

Demokratiske	Kompetente	Likeverdige	Glade
			
Samarbeidande Lyttande Respekterande Ansvarleg Strukturerte Rettferdige Tolerante Likeverdige Empatiske	Omsorgsfulle Løysingsorienterte Lyttande Fagleg og erfarne Nyskapande Tydelege Engasjerte Gode modellar Leikande Rause Anerkjennande Autoritative	Respekterande Samarbeidande Løysingsorienterte Empatiske Lyttande og observerande Fleksibel Anerkjennande	Positive Spontane Initiativrike Begeistra Humørfylte /le Leikande

Satsingsområda

Språk i eit inkluderande felleskap - « Å høyra til »

«I barnehagen skal alle barn kunne erfare å vere viktige for fellesskapet og vere i positivt samspel med andre barn og vaksne», Rammeplanen s.22

Barnehagane er forplikta til å observera og følgja med på barna si språkutvikling og til å fange opp og støtta barn som har ulike former for kommunikasjonsvanskar, som er lite språkleg aktive, eller som har sein språkutvikling.

Dei kommunale barnehagane i Stord kommune skal kartleggja alle barn si språkutvikling i TRAS-skjema frå dei er to år .

Å utvikle eit godt språk er noko av det viktigaste som skjer i eit barn sitt liv. Ei god språkutvikling dannar grunnlaget for den sosiale, den kognitive så vel som den emosjonelle utviklinga.

Me har stort fokus på å gje barna god språkstimulering gjennom heile dagen knytt opp til kvardagssamtalane.

Me har eit samarbeid med Stord folkebibliotek der me får ein kasse med bøker som kan nyttast i barnehagen, og barna kan låne med bøker heim.

Barnehagen skal vere ein trygg og god stad for alle barn å vere. Det er viktig at alle barn får gode relasjonar til dei vaksne og til dei andre barna.

Me jobbar forebyggjande for å unngå mobbing og krenkingar ved å styrke barna sin sosiale kompetanse.

Me har fokus på at born og vaksne skal vise omsorg, hjelpe, trøyste og glede kvarandre.

Mål:

- Ein inkluderande barnehage som hindrar utanforskap og som bidreg til læring, utvikling og livsmeistring
- Alle barn i Furuly barnehage skal føle seg som ein del av fellesskapet i barnehagen, og bli kjend og trygg i nærområdet vårt
- Alle barn skal delta i språkstimulerande aktivitetar

Slik gjer me det:

- Autoritative vaksne
- Engasjerte vaksne som er tett på
- Hjelper barn inn i leiken
- Vaksne som stoppar alle former for mobbing og krenkingar
- «Være sammen»- samling
- Samtale med barna
- Fokus på det enkelte barnet sine styrker
- Bøker om tema venskap
- Bokkasse og utlån
- Reglar for korleis me skal vere med kvarandre
- Songar
- Dramatisering
- Leik i smågrupper
- Felles opplevingar og erfaringar
- Fellessamlingar
- Turar i nærområdet
- Språkstimulerande aktivitetar



Autoritative vaksne

Kvar dag går forventningsfulle barn inn porten til barnehagen sin, til venene sine og til dei vaksne som jobbar der. Ein av dei viktigaste faktorane når det gjeld kvalitet i barnehagen er dei vaksne som jobbar der.

Vårt syn på vaksenrolla og utøvinga av den byggjer på den autoritative vaksenstilen.

Den autoritative vaksenrolla skal vere prega av varme og respekt for barnet både gjennom relasjonsbygging og gjennom å sette grenser. Målet er at alle vaksne er varme og grensesettande som hjelper barnet med å gjere gode val i ulike situasjonar.

Det betyr at denne vaksenstilen skal utgjere ein viktig del av barnehagen sin pedagogiske plattform, gje dei tilsette ei felles forståing og gje barna tryggleik og forutsigbarhet.

Mål:

- Furuly barnehage har eit autoritativt klima der barna møter vaksne som er varme grensesettere
- Me nyttar barnemateriellet fleksibelt i arbeidet med barna

«Gode relasjonar fremmer motivasjon for læring»

M.B.Drugli.

Løveloven

Verdigrunnlaget i løvelova skal gjennomsyre arbeid vårt og korleis me møter oss sjølv og andre.

«Kan du løveloven?

Jeg skal være meg, men gi plass til andre slik at de blir seg.

*Bry meg om en annen, hjelpe når jeg kan.
Slik blir livet bedre for barn i alle land.*

Ser du en som plages? Det er ikke bra!

Alle må stå sammen om å si i fra.

Alle barn på jorden har den samme rett til å være trygge og til å være sett».



Årshjul

I arbeidet med ulike tema, aktivitetar og tradisjonar skal me gjennom eit barnehageår jobbe med alle dei sju fagområda i rammeplanen.

Som oftast er me i løpet av berre ein dag i barnehagen innom dei fleste fagområda.

Fagområda er:

- Kommunikasjon, språk og tekst
- Kropp, rørsle, mat og helse
- Kunst, kultur og kreativitet
- Natur, miljø og teknologi
- Mengd, rom og form
- Etikk, religion og filosofi
- Nærmiljø og samfunn


Me har eit årshjul over faste tema, aktivitetar og tradisjonar som er felles for alle avdelingane.

Pedagogane utarbeidar planar med utgangspunkt i årshjulet tilpassa barna sin alder og modning.

Planane skal tydeleggjere korleis avdelinga skal jobbe med dei ulike fagområda.

Barna får medverke på barnehagen sitt innhald i samsvar med alder og modning. Ofte tek eit tema -eller prosjektarbeid utgangspunkt i noko eit barn eller ei barnegruppe er interessert i og oppteken av.

ÅRSHJUL-felles tema



KAP 1 Omsorg

«Omsorg er ein føresetnad for at barn skal vere trygge og trivast, og for at dei skal utvikle empati og nestekjærleik.» (Rammplan for barnehagen, kap. 3)

MÅL	TILTAK Konkret tiltak for å nå målet	KJENNETEIKN Kva er til stade når
Barn som trivst, er trygge og opplever tilhøyre i barnehagen	<ul style="list-style-type: none"> - Me møter barna med varme, er tydelege og grensesettande - Me justerer seg etter barnet og tek barnet sitt perspektiv - Me viser interesse for det barnet gjer - Me rosar og anerkjenner det barnet meistrar - Me observerer og verdset barna sine omsorgshandlingar 	<ul style="list-style-type: none"> o Barna viser omsorg for kvarandre o Barna veit korleis dei skal utvikla venskap o Barna har venner i barnehagen o Barna gler seg til å koma i barnehagen

Progresjon:

TRINN	MÅL	TILTAK	KJENNETEIKN
Trinn 1	<ul style="list-style-type: none"> -Barn skal oppleva trygghet, tilhørighet og trivsel i barnehagen -Barn skal få dekkja sine behov for fysisk omsorg, inkludert behov for ro og kvile -Barn skal bli møtt av vaksne som er lydhør for deira uttrykk, og som møter deira behov for omsorg med sensitivitet -Barn skal bli møtt med åpenhet, varme og interesse 	<ul style="list-style-type: none"> - Plan for (foreldreaktiv) tilvenning i barnehagen - Kontaktperson ved oppstart og gjennom første tida i barnehagen - Varme og anerkjennande vaksne som er tilstades for barna - Vaksne som aktivt nyttar språk for å sette ord på barna sine erfaringar og med det gje barnet støtte til å utvikle forståing for egne og andre sine følelsar og erfaringar - Det leggast til rette for at barn kan kvile og trekke seg tilbake ved behov 	<ul style="list-style-type: none"> - Barna opplever å bli gitt tid til å tryggast - Barn som syner tryggleik til dei vaksne i barnehagen ved at dei søker trøyst, rettleiing og kommunikasjon blant anna i møte med nye opplevingar. - Barn som syner trivsel og tryggleik gjennom å utforske leike- og læringsmiljøet i samhandling med andre barn og vaksne
Trinn 2	<ul style="list-style-type: none"> -Barna skal bli oppmuntra til å vise omsorg for andre og til sjølv å kunne ta imot omsorg -Barna skal utvikle tillit til seg sjølv og andre 	<ul style="list-style-type: none"> - Vaksne som støttar og vegleiar barnet i barnet sine ulike uttrykk av og oppleving av følelsar - Varme, tydelege og grensesettande vaksne som saman med barna anerkjenner følelsar og justerer handlingar ved behov - Vaksne som rollemodellar for inkludering 	<ul style="list-style-type: none"> -Barna syner evne til å trøyste og hjelpe andre barn, og vaksne, i ulike situasjonar -Barn som utviklar evna til å justere sine handlingar i samband med følelsar -barn som inkluderer andre i leik -alle barn opplever vennskap i barnehagen

KAP 2 Danning

«Barnehagen skal oppmuntre barna til å vere prøvande til - og nysgjerrige på omverda og bidra til å leggje grunnlaget for modig, sjølvstendig og ansvarleg deltaking i demokratiske fellesskap.» (Rammplan for barnehagen, kap. 3)

MÅL	TILTAK	KJENNETEIKN
Barn som utviklar seg til sjølvstendige og ansvarlege deltakarar i eit demokratisk fellesskap	<ul style="list-style-type: none"> - Me skal leggje til rette for at barna får meningsfylte opplevingar - Me støttar barna si identitetsutvikling og positiv sjølvforståing - Me fremjar mangfald og ulikskap 	<ul style="list-style-type: none"> o Barna deltek aktivt i aktivitetar og opplegg fremjar egne meiningar og interesser o Barna viser evne til kritisk tenking o Barna viser forståing for felles verdiar og normer

Progresjon:

TRINN	MÅL	TILTAK	KJENNETEIKN
Trinn 1	<ul style="list-style-type: none"> - Barna skal oppleve tilhøyrslø til samfunnet, naturen og kulturen - Barna skal oppleve livsmeistring. - Barna skal kunna setje grenser for seg sjølv, og samstundes ta omsyn til menneska rundt seg - Barna skal få ei større forståing for seg sjølv og verda rundt dei 	<ul style="list-style-type: none"> - Vaksne som er varme og grensesetjande i møte med barna - Vaksne som fremjar mangfald og ulikskapar - Vaksne som støtte barna si identitetsutvikling og positive sjølvforståing - Vaksne som legg til rette for at barna får trenar på sosial kompetanse i relasjon med andre - Vaksne som utfordrar barna sin tenking og inviterar dei inn i etiske samtalar - FORUT, barn hjelper barn 	<ul style="list-style-type: none"> - Eit autoritativt barnehageklima, der barna møter varme og grensesetjande vaksne. - Barn som utviklar ei sunn og god sjølvregulering. - Barn som gjennom meningsfulle opplevingar brukar heile seg i utforskinga av nye ting, i leiken og læringa - Barn som tileignar seg sosial kompetanse i relasjon med andre.
Trinn 2	<ul style="list-style-type: none"> - Barna skal oppleve tilhøyrslø til samfunnet, naturen og kulturen 	<ul style="list-style-type: none"> - Vaksne som er varme og grensesetjande i møte med barna - Vaksne som fremjar mangfald og ulikskapar 	<ul style="list-style-type: none"> - Eit autoritativt barnehageklima, der barna møter varme og grensesetjande vaksne. - Barn som utviklar ei sunn og god sjølvregulering.

	<ul style="list-style-type: none"> - Barna skal oppleve livsmeistring. - Barna skal kunna setje grenser for seg sjølv, og samstundes ta omsyn til menneska rundt seg - Barna skal få ei større forståing for seg sjølv og verda rundt dei 	<ul style="list-style-type: none"> - Vaksne som støtte barna si identitetsutvikling og positive sjølvforståing - Vaksne som legg til rette for at barna får trene på sosial kompetanse i relasjon med andre - Vaksne som utfordrar barna sin tenking og invitera dei inn i etiske samtalar 	<ul style="list-style-type: none"> - Barn som gjennom meningsfulle opplevingar brukar heile seg i utforskinga av nye ting, i leiken og læringa - Barn som tileignar seg sosial kompetanse i relasjon med andre.
--	--	---	---



KAP 3 Leik

«Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast.» (Rammplan for barnehagen, kap. 3)

MÅL	TILTAK	KJENNETEIKN
Barn som opplever glede, humor, spenning og engasjement gjennom leik, åleine og saman med andre	<ul style="list-style-type: none"> - Me organiserer rom, tid og leikemateriale i tråd med barna sine interesser og behov - Me er varme, tydelege og grensesettande, og deltek i barna sin leik - Me tek initiativ til leik og bidreg aktivt til eit inkluderande leikemiljø 	<ul style="list-style-type: none"> o Barna har leikekompetanse og deltek i leik med andre o Barna viser humor, glede og engasjement når dei er i leik med andre o Barna inkluderer andre i leiken o Barna er delt i mindre grupper

Progresjon:

TRINN	MÅL	TILTAK	KJENNETEIKN
Trinn 1	<ul style="list-style-type: none"> -Barna skal utvikle god sosial kompetanse gjennom leik og samspel med andre barn - Barna skal oppleve glede og humor gjennom leik -Barna skal ha mulighet til å utvikle vennskap gjennom leik 	<ul style="list-style-type: none"> -Personalet gir barna god tid til å leike - Personalet er merksame, inspirerende og aktivt deltakande i barna sin leik -Personalet tilpassar leiken og leikemateriale til barna sin alder og modning -Deler barna i mindre leikegrupper 	<ul style="list-style-type: none"> -Personale som er aktivt tilstade i leiken med barna - Personalet observerer, støtter og rettleiar barna i leiken - Personale som aktivt bidreg til at alle barn kjem inn i leiken -Personale som stoppar alle former for mobbing og krenkingar
Trinn 2	<ul style="list-style-type: none"> -Alle barn skal ha nokon å leike med - Barna skal få utvikle leikekompetansen sin - Barna skal få erfaring med å forholde seg til reglar og leikekameratar -Barna skal i leik og samvær med andre barn utvikle eit godt sosialt samspill 	<ul style="list-style-type: none"> -Personalet fremjar eit inkluderande miljø der alle barn kan delta og erfare glede i leiken -Organisere rom, tid og leikemateriale for å inspirere til ulike typar leik -Personalet gjev barna felles erfaringar og opplevingar som stimulerer til leik -Deler barna i mindre leikegrupper 	<ul style="list-style-type: none"> - Alle barn er aktivt med i leiken -Barna viser glede og engasjement i leiken - Deltakande vaksne som gjev impulsar til leiken -Personale som aktivt bidreg til at alle barn kjem inn i leiken -Personalet som stoppar alle former for mobbing og krenkingar

KAP 4 Læring

«Nysgjerrighet, kreativitet, og vitelyst skal anerkjennast, stimulerast og leggast til grunn for læringsprosessane. Barna skal få undersøkje, oppdage, og forstå samanhengar, utvidesperspektiv og få ny innsikt.»

(Rammplan for barnehagen, kap. 3)

MÅL	TILTAK	KJENNETEIKN
Barn med leike- og lærelyst Barn som har positiv sjølvkjensle og tru på eiga meistring	<ul style="list-style-type: none"> - Me legg til rette for at barna får bidra i eiga og andre si læring - Me anerkjenner barna sine initiativ, kreativitet og evner i formelle og uformelle læringssituasjonar - Me har eit fysisk lærings- og leikemiljø som inviterer til utforsking, læring og meistring 	<ul style="list-style-type: none"> o Barna utforskar og brukar lærings- og leikemiljøet o Barna er kreative og tek initiativ i leik og eige læring o Barna reflekterer og syner interesse for tema

Progresjon:

TRINN	MÅL	TILTAK	KRITERIUM
Trinn 1	<ul style="list-style-type: none"> - Barna skal møte eit mangfold av aktivitetar som stimulerer til gode felles opplevingar som igjen gir kompetanse innan samspel og leik. 	<ul style="list-style-type: none"> - Vaksne skal leggje til rette for ein meningsfull kvardag. - Vaksne skal leggje til rette for at barna får møta utfordringar tilpassa alder, modning og interesser. - Vaksne skal leggja til rette for at barna får utvikla god sosial kompetanse. 	<ul style="list-style-type: none"> - Barn som er trygge i leik og samspelsituasjonar. - Barn som syner interesse for leik og aktivitetar på gruppa. - Barn som utvikler god sosial kompetanse.
Trinn 2	<ul style="list-style-type: none"> - Barna skal få utfordringar med utgangspunkt i deira interesser, kunnskap og dugleikar. - Barna skal læra å bli sjølvstendige ut ifrå egne føresetnadar og moglegheiter. 	<ul style="list-style-type: none"> - Vaksne skal leggje til rette for at barna kan få bruke heile seg i læringsprosessen. - Vaksne skal leggja til rette for prosjektarbeid som tek utgangspunkt i barna sine interesser. 	<ul style="list-style-type: none"> - Barn som utforskar og bruker lærings- og leikemiljøet. - Barn som tek initiativ i leik og eige læring. - Barn som reflekterer og syner interesse for tema.

KAP 5 Venenskap og fellesskap

« Sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungera godt saman med andre og omfattar ferdigheiter, kunnskapar og haldningar som blir utvikla gjennom sosialt samspel.» (Rammplan for barnehagen, kap. 3)

MÅL	TILTAK	KJENNETEIKN
Barn som opplever at dei er ein viktig del av fellesskapet Eit barnehagemiljø fritt for krenking og mobbing	<ul style="list-style-type: none">- Autoritativt klima- Me støttar barna sine initiativ til samspel og deltaking i fellesskapet- Me legg til rette for arenaer der barna opplever samhandling og deltaking i fellesskapet	<ul style="list-style-type: none">o Barna har evne til å oppretta og halda på venenskapo Barna deltek i det sosiale fellesskapeto Barna syner empati for kvarandreo Barn som hjelper kvarandre

KAP 6 Kommunikasjon og språk

«Barnehagen skal vera bevisst på at kommunikasjon og språk påverkar og blir påverka av alle sider ved barnet si utvikling.»
(Rammplan for barnehagen, kap. 3)

MÅL	TILTAK	KJENNETEIKN
Barn som kommuniserer og lyttar til kvarande	<ul style="list-style-type: none">- Me nyttar dialog i samspel med barna- Me gjev barna positive og varierte erfaringar med bruk av språk- Me legg til rette for aktivitetar som fremjer kommunikasjon og heilskapleg språkutvikling- Me brukar observasjon for å fange opp barn som har ulike former for kommunikasjons-vanskar- Me nyttar TRAS-skjema for å kartlegge barna si språkutvikling frå dei er 2 år.	<ul style="list-style-type: none">o Barna nyttar språket for å uttrykkje meningar, tankar og følelsaro Barna har eit vokabular som er i tråd med den kognitive utviklinga deira

KAP 7 Barn sin medverknad

« Barnehagen skal sikre barna sin rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barna kan få gi uttrykk for kva dei synest om den daglege verksemda i barnehagen.» (Rammplan for barnehagen, kap. 4)

MÅL	TILTAK	KJENNETEIKN
Barn som vert møtt med respekt og vert anerkjent for synspunkt og kjensler	<ul style="list-style-type: none">- Varme og tydelege vaksne- Me ser, høyrer og tek barn sine innspel og uttrykk på alvor- Barnesamtale med 4-5 åringane	<ul style="list-style-type: none">o Barna si medverknad syner att i planar, dokumentasjon og vurderingo Barna deltek i planlegging, dokumentasjon og vurdering av

	- Me legg til rette for at barna kan medverke, ut frå alder og modning	innhaldet i barnehagekvardagen i tråd med modning
--	--	---

KAP 8 Samarbeid mellom heimen og barnehagen

«Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen vareta barnas behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.» (Rammeplan for barnehagen, kap. 5)

Arbeidet i barnehagen skal ta utgangspunkt i ein grunnleggjande respekt for foreldra sin kompetanse som foreldre, og den retten og det ansvaret dei har for å oppdra barna sine på den måten som er rett i høve deira tradisjonar, normer og vurderingar. Foreldra er dei som best kjenner barnet og familien sin kvardag, og dei har kjennskap til og informasjon om barnet sitt som er heilt uunnverleg for personalet.

Dei føresette får høve til å medverke på barnehagen sitt innhald gjennom den dagleg kontakten ved levering og henting, deltaking på foreldremøter, brukarundersøkingar og i foreldresamtalar.

I år vil foreldremøtet om hausten vere eit tema-møte. Gjennom brukarundersøkinga kom det fram at ein del føresette ikkje fann foreldremøta nyttige, så no håpar me at interessa vert større og oppmøtet betre enn i fjor. Tema på møtet er: «Hvordan forstå, regulere og støtte barna våre», ved kommunepsykolog Elin Haukanes.

Me ynskjer ein open dialog med dei føresette der me saman kan komme fram til gode løysingar for barna.

Me legg vekt på å møta barn og foreldre med eit smil og eit hei! Me ser barnet og brukar barnet sitt namn. Det er viktig at barnet føler seg velkomen i barnehagen kvar einaste dag.

Me møtes på «Allrommet» om morgon fram til kl.08.00. Foreldra følgjer då barnet inn der og den vaksne registrerer at barnet er komt og tek imot eventuelle beskjedar.

Det er viktig at foreldra tek skikkeleg avskjed med barnet før dei forlet barnehagen om morgonen. For nokre barn kan avskjeden i periodar vere vanskeleg, og då er me der og hjelper, trøstar barnet og finn på noko kjekt i lag.

Mål:

Samarbeide med dei føresette om det beste for barnet.

Slik gjer me det:

- me sender velkomstbrev ved plasstildeling
- foreldremøte for nye barn våren før dei byrjar
- me har oppstartsamtale med nye foreldre

- me har samtalar og tett dialog med foreldra i hente-/bringesituasjonen
- me sender ut månadsplanar/infoskriv
- me har to foreldresamtaler, haust og vår.
- me har 1-2 foreldremøter
- me har brukarundersøking anna kvart år
- me inviterer foreldra på sosiale samkomer
- me nyttar IST Direkte
- me nyttar samarbeidsmodellen BTI
- me nyttar kartleggingsverktøyet ASQ på alle nye born.

IST Direkte

Me nyttar IST Direkte som er eit kommunikasjonsverktøyet mellom føresette og personalet.

IST Direkte er webbasert og føresette loggar seg på ei webside anten ein nyttar pc, nettbrett eller smarttelefon. Uansett val av einhet så har føresette tilgang til akkurat same funksjonalitet.

I barnehagen nyttar med IST Direkte til å registrere barna på i-Pad når dei kjem og går, og me har oversikt over alle tiltelsar frå foreldra m.m.

Her ynskjer me at føresette melder inn når barnet er sjuk, registrere ferie og fridagar, i tillegg til å sende andre meldingar til barnehagen.

Barnehagen legg ut månadsplanar, beskjedar og anna informasjon til dei føresette her.

Samarbeidsmodellen «Betre tverrfagleg innsats – BTI»

Stord kommune har vedteke at barnehagar og skular skal nytta samarbeidsmodellen BTI når ein er uroa for eit barn. Det kan vere bekymring knyta til fysiske, sosiale eller kjenslemessige tilhøve. Utfordringa kan også være i forbindelse med akutt, kronisk eller anna alvorleg sjukdom hos foreldra.

Modellen skal nyttast for å sikre tidleg innsats i arbeid med barn og unge.

Modellen har ein fast samarbeidsstruktur. Den skal sikre at fagpersonar tidleg oppdagar barn og unge som har utfordringar, og at dei og foreldra skal få den hjelpa dei har behov for til rett tid.

Det skal ikkje gå meir enn 4 veker frå ei bekymring oppstår før personalet i barnehagen tek kontakt med dei føresette. Då skal ein møtast og gjennomføre den «Nødvendige samtalen» og saman prøve å finne ut kva årsakene til vanskane til barnet kan vere.

Me veit at dersom dei tilsette i barnehagen og dei føresette samarbeida godt kring barnet sine utfordringar og prøver saman å finne gode løysingar, då er sjansane for å lukkast store.

BTI-modellen beskriver korleis samarbeidet kan tilretteleggast på tre ulike nivå, avhengig av innsatsen sitt omfang og antall tenester og instansar som er involvert.

Målgruppe:

Born, unge og deira familiar

Mål:

Kvalitetssikre heilheitleg og koordinert innsats til det beste for barnet.

KAP 9 Overgangar

Gjennom barna sitt opphald i barnehagen vil dei møta på ulike overgangar. Barnehagen har ansvar for å leggja til rette for og ha planar for overgangane.

9.1 Når barnet begynner i barnehagen

«Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen. Når barnet begynner i barnehagen, skal personalet sørgje for tett oppfølging den første tida, slik at barnet kan oppleve tilhøyrsløse og føle at det er trygt å leike, utforske og lære.»

(Rammplan for barnehagen, kap. 6)

Å byrje i barnehagen er ein stor overgang for mange barn. Rammeplanen seier at barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom sånn at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knytte seg til personalet og til andre barn.

Det er ein spennande periode og kan vere krevjande for både barn og foreldre.

Ei god tilvenning er viktig for at barna skal få ein trygg og god start i barnehagen. Kor lang tilvenningsperiode barnet treng er veldig individuelt.

Tilvenninga må skje på barnet sine premisser og i tett dialog mellom foreldra og personalet. Målet for tilvenningsperioden er ikkje å trene opp barn og foreldre til å sei «ha det» til kvarandre, men å gjere dei så trygge på barnehagen at det vert opplevd som greit å skiljast. Det kan være lurt å ha noko som skaper forbindelse mellom tilværet heime og i barnehagen, t.d. kos, smokk, bamse.

Det er viktig at personalet og foreldra saman viser barna trygghet og ro i avskjedssituasjonen. Det beste er som oftast at foreldra lagar enkle og greie avtalar med barna omkring avskjed og held på dette kvar dag. Foreldra skal alltid gje beskjed til barnet når dei går. Det gir forutsigbarhet og trygghet for barnet.

Mål:

Barn og foreldre møter barnehagen og eit personale som er klar til å ta imot dei og som legg til rette for ein god barnehagestart for barnet.

Slik gjer me det:

- Foreldremøte for nye barn i mai/juni
- Barnehagen sender ut informasjon til foreldre og inviterer barn og foreldre inn til besøksdag i barnehagen før barnet byrjar
- Pedagogen som har ansvar for barnet tek kontakt med foreldra og avtaler oppstartstidspunkt for barnet første dagen
- Dei første dagane barnet er i barnehagen er det tett dialog mellom

pedagogen og foreldre om kor lange dagar barnet skal ha, og kor mange dagar foreldra skal vera med barnet i barnehagen

- Personalet lyttar til foreldra når det gjeld barnet deira. Foreldra er ekspertane på sitt eige barn
- Foreldre kan når dei ynskjer det ringje eller kome inn i barnehagen for å høyre, sjå og oppleve korleis barnet har det
- Foreldre som treng rettleiing i høve tilvenning i barnehagen får dette av pedagogen som har ansvaret for barnet deira.

9.2 Overgangar i barnehagen

«Personalet skal sørge for at barnet og foreldra får tid og rom til å bli kjende med andre barn og anna personale når eit barn byter barnegruppe.»

(Rammeplan for barnehagen, kap. 6)

Mål:

Barnet og foreldra skal ha ei god oppleving av overgangen til ny avdeling.
Barnet og foreldre skal førebust godt på denne overgangen.

Slik gjer me det:

- kvar vår vert det sendt informasjon på e-post om at barnet skal byrja på ny avdeling neste barnehageår. Her vert det informert om kven personalet er og kor mange barn det vert på avdelinga
- Våren før barna skal over på ny avdeling vert dette teke opp og samtala om i barnegruppa
- 1-2-åringen har dei to første åra i barnehagen på avdeling Maurtua. Våren det året dei vert 3 år vert dei gradvist tilvent livet i resten av barnehagen. Dette skjer i små grupper, og med trygge vaksne som er med.

9.3 Overgangen mellom barnehage og skule

«Barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skulen leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule, og eventuelt til skulefritidsordninga.» (Rammeplan for barnehagen, kap. 6)

Stord kommune har fastsett rutinar for overgang og samanheng barnehage til skule, Jf eigen plan: *Overgangsplan barnehage-skule.*

Desse rutinane skal alle barnehagane og skulane følgja. Planen skal bidra til ein trygg og god overgang for alle barn som skal byrja på skulen. Dette skal skje i nært samarbeid med barnet sin heim.

I tillegg til det som står i planen, kan den enkelte barnehage og skule avtala besøk hjå kvarandre og hospitering.

Rutinar og ansvars plassering gjev det enkelte barn ein god overgang frå barnehage til skule.

Her finn de planen:

<https://www.stord.kommune.no/retningslinjer-og-planar.428804.nn.html>

Mål:


Rutinar for overgang og samanheng legg m.a. opp til at:

- Barnehagen arbeider med språkstimulering etter fastsett plan. Skulen følgjer opp når barna kjem der, slik at barna opplever samanheng i språkstimulering frå barnehage til lese- og skriveopplæring i skule.
- Barnehagen leverer ei mappe til skulen med informasjon om kva barnet sjølv meiner det er god til og kva det likar.
- Pedagogisk leiar skriv og kva barnet meistrar og kva det må øva på.
- Førsette skriv under på samtykke før mappa vert levert til skulen.
- I mai/juni er det "Bli kjent dagar" saman med føresette på skulen.

Me nyttar området rundt Hystad skule til turar og leik. På den måten vert barna kjend med skuleområdet.

KAP 10 Barnehagen som pedagogisk verksemd

«Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd som skal planleggjast og vurderast. Barn og foreldre har rett til å medverke i desse prosessane. Målet med barnehagen som pedagogisk verksemd er å gi barna eit tilrettelagt tilbod i tråd med barnehagelova og rammeplanen. For å oppnå dette skal barnehagen vere ein lærande organisasjon, og det pedagogiske arbeidet skal vere grunnlagt i barnehagelova og rammeplanen.» (Rammeplan for barnehagen, kap. 7)



10.1 Planlegging

«Planlegging gir personalet grunnlag for å tenkje og handle langsiktig og systematisk i det pedagogiske arbeidet. Planlegginga skal bidra til kontinuitet og progresjon for enkeltbarn og barnegruppa.»

(Rammeplan for barnehagen, kap. 7)

Slik gjer me det:

- Planleggingstid for pedagogane i tråd med gjeldande avtaleverk

- Planlegging i tråd med Rammeplan for barnehagar og innhald i barnehagen sin Årsplan
- Utarbeidar månad-/ vekeplanar og prosjektplanar
- Ved behov utarbeidar planar for oppfølging av enkeltbarn
- God møtestruktur med avdelingsmøter, leiarmøter, personalmøter og planleggingsdagar

10.2 Vurdering

«Hovudformålet med vurderingsarbeidet er å sikre at alle barn får eit tilbod som er i tråd med barnehagelova og rammeplanen. Vurderingsarbeidet skal byggje på refleksjonar som heile personalgruppa er involvert i. Felles refleksjonar over det pedagogiske arbeidet kan gi personalet eit utgangspunkt for vidare planlegging og gjennomføring.» (Rammeplan for barnehagen, kap. 7)

Barnehagen vurderer regelmessig det pedagogiske arbeidet.

Slik gjer me det:

- Pedagogiske leiarane evaluerer skriftleg gjennomføringa av månads- og halvtårsplanane ut frå mål og innhald i årsplanen
- Resultatet av vurderingsarbeidet legg grunnlaget for vidare arbeid, endringar og fornying
- Kvar veke har me leiarmøte der me vurderer det pedagogiske innhaldet i barnehagen til ei kvar tid i høve mål og planar
- Kvar veke har me avdelingsmøter der arbeidet på avdelinga vert vurdert gjennom observasjonar, praksisforteljingar og refleksjonar i personalgruppa
- Kvar månad har me personalmøter der arbeidet på tvers av avdelingane blir vurdert og nye planar blir lagt.
- Kollegarettleing med utgangspunkt i case eller praksisforteljing
- Personalet har 5 dagar i året til planlegging og faglig utvikling. Her blir årsplanen vurdert og vidareutvikla
- Barna deltek i vurderingsarbeidet gjennom barnesamtalar
- Dei føresette deltek i vurderingsarbeidet av barnehage sitt innhald gjennom foreldresamtalar, foreldrerådet, SU og foreldreundersøkingar

10.3 Dokumentasjon

«Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet skal inngå i barnehagen sitt arbeid med å planleggje, vurdere og utvikle den pedagogiske verksemda.»
(Rammeplan for barnehagen, kap. 7)

Pedagogisk dokumentasjon er en arbeidsmåte som handlar om å gjere pedagogisk arbeid synlig og opent for tolking, dialog, diskusjon og innsikt. Dokumentasjon av barnehagen sin praksis blir til pedagogisk dokumentasjon når personalet og barna reflekterer over og diskuterer den. Pedagogisk dokumentasjon er en kollegial arbeidsmåte som bidreg til at

barnehagen blir ein lærande organisasjon. Målet er å utfordre og vidareutvikle personalet sitt syn på barn, på læring og på kunnskap, ikkje å vurdere og dokumentere ferdigheiter og kunnskapar, trivsel og erfaringar hos enkeltbarnet. Dokumentasjonen skal synleggjere kva som skjer i det pedagogiske arbeidet her og no.

Arbeidsmåten skal også utfordre og vidareutvikle synet på kva føresetnader i omgjevningane som har betydning, og korleis desse kan endrast til det beste for barna.

Pedagogisk dokumentasjon inneheld følgjande faste element: observasjon, dokumentasjon, deling, refleksjon, tolking og val.

Mål:

Personalet skal saman, og saman med barna, bruke dokumentasjon som arbeidsverktøy til å vidareutvikle barnehagen. Og for å kvalitetssikre at barnehagen oppfyller krav i barnehagelova og rammeplan.

Slik gjer me det:

- Kvardagen i barnhagen vert dokumentert ved hjelp av praksisforteljingar, foto, teikning og nedskrivne samtalar mellom vaksne og barn. Dette materialet vert så brukt til refleksjon i plan for det vidare arbeidet på avdelingsmøter, leiarmøter og personalmøter

For å synleggjere barnehagen sitt innhald og kva me jobbar med dokumenterer me noko av det barna opplever og lærer i barnehagen.

- Hengjer opp/set fram ting barna har jobba med.
- Prosjekt vert dokumentert i prosjektpermar, og gjennom prosess og produkt
- Viser bilder fra barna sin kvardag i barnehagen
- Gir foreldre daglige tilbakemeldingar om barna sin dag i barnehagen
- IST Direkte
- Facebook

10.4 Tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbodet for barn som treng ekstra støtte

«Barnehagen skal sørge for at barn som treng ekstra støtte, tidleg får den sosiale, pedagogiske og/eller fysiske tilrettelegginga som er nødvendig for å gi barnet eit inkluderande og likeverdig tilbod.»

(Rammeplan for barnehagen, kap. 7)

Slik gjer me det:

- Tett dialog med dei føresette om barnet sin trivsel og utvikling
- Saman finn me dei beste løysingane for barnet
- Bruke Betre tverrfagleg innsats (BTI)
- Søgja for at barn som får spesialpedagogisk hjelp vert inkludert i barnegruppa og i det allmennpedagogiske tilbodet
- Opplysa føresette om retten til å krevja sakkunnig vurdering dersom barnet har behov for spesialpedagogisk hjelp

- Deler i mindre barnegruppene
- Tilpassa planar

10.5 Barnehagen som lærande organisasjon

Definisjon henta frå Kunnskapssenteret:

«Ein organisasjon som har ein kultur, system og leiarstil som motiverer medarbeidarane til å læra av handlingane sine, dela lærdommen med andre og bruke den til å løysa framtidige problem og utfordringar på eit strategisk, taktisk og operativt nivå».

Slik gjer me det:

- Me nyttar dei ulike møtefora til å reflektere over praksisen vår, kva fungerer/ fungerer ikkje
- Me vurderer månadleg barnehagen sitt innhald
- Me finn gode løysingar som er til det beste for borna
- Dei pedagogiske leiarane rettleiar fagarbeidarane i det daglege arbeidet
- Me har ein delingskultur
- Me har kollegarettleing

KAP 11 Arbeidsmåtene til barnehagen

«Arbeidsmåtene skal vareta barna sitt behov for omsorg og leik, fremje læring og danning og gi barn høve til å medverke. Personalet skal ta i bruk varierte arbeidsmåtar, og arbeidsmåtene skal tilpassast til enkeltbarn, barnegruppa og lokalmiljøet.» (Rammeplan for barnehagen, kap. 8)

Slik gjer me det:

- Tek utgangspunkt i barna sine erfaringar, interesser, synspunkt og initiativ i det daglege arbeidet i barnehagen og ved val og gjennomføring av tema og prosjekt
- Veksla mellom spontane og planlagde aktivitetar
- Deler barna i smågrupper store deler av dagen
- Tilpassa storleiken på barnegruppene ut frå aktivitet
- Stimulera barna si undring og evne til å stilla spørsmål, søkja oppleving, ta initiativ og meistra nye ting
- Aktiv bruk av barnehagen sitt nærmiljø
- Jamleg vurderer om val og arbeidsmåtar bidreg til å realisera rammeplanen

11.1 Progresjon

«Alle barna skal kunne oppleve progresjon i barnehageinnhaldet, og barnehagen skal leggje til rette for at barn i alle aldersgrupper får varierte høve til leik, aktivitetar og læring.» (Rammeplan for barnehagen, kap. 8)

Slik gjer me det:

- Me tek omsyn til barna sine interesser, alder og modning i planlegginga av det pedagogiske innhaldet
- Me har eigen progresjonsplan over dei sju fagområda
- Me har progresjon i bruk av materiale, bøker, leiker og utstyr
- Barna får meistringsopplevelsar samstundes som dei har noko å strekkje seg etter

11.2 Digital praksis

«Den digitale praksisen til barnehagen skal bidra til leik, kreativitet og læring. Bruk av digitale verktøy i det pedagogiske arbeidet skal støtte opp om barna sine læreprosessar og bidra til å oppfylle rammeplanen sine føringar for eit rikt og allsidig læringsmiljø for alle barn.» (Rammeplan for barnehagen, kap. 8)

Slik gjer me:

- Gjev barna høve til å bruka og utforska ulike digitale verktøy
- Barna får sjølv velje motiv og ta bilde som vert presentert for dei andre barna. Dess bileta vert brukt i refleksjon og vurdering i gruppa.
- Bruker foto aktiv ilag med dei minste barna. Dokumentera leik og aktivitet og heng foto opp i barna si høgd.
- Gjev barna kjennskap til ulike måtar å utforske og nytta digitale verktøy på
- Bruka internett for undersøking, undring og ny kunnskap i lag med barna
- Bruka digitale verktøy for dokumentasjon av prosess og produkt
- Samtale og refleksjon i lag med dei eldste barna om kva det betyr å ta bilete av andre
- Brukar foto i prosjektarbeid
- Finna songar, dans, YouTube og Spotify
- Bruke internett til ide- sanking

11.3 Lokale satsingar

11.3.1 Kompetanseheving - ReKomp

Me held fram med å ha språk og inkluderande barnehagemiljø som satsingsområder, noko som er i tråd med dei nasjonale satsingane.

Me deltek i kompetanseheving gjennom Regional ordning for kompetanseutvikling i barnehage (ReKomp), som går over to år, fram til juni 2022.

Gjennom ReKomp vert statlege midlar stilt til rådvelde, og skal bidra til å sikra alle barn eit likeverdig tilbod i tråd med Rammeplanen. Ordninga skal styrkja samarbeidet om kompetanseutvikling mellom Universitet og Høgskular og barnehageeigar, fylkesmann og eventuelt andre. Kompetanseutviklinga skal vera barnehagebasert, kollektiv og inkludere heile personalet.

I Rammeplanen på s. 23 står det m.a:

«...Alle barn skal få god språkstimulering gjennom barnehagekvardagen, og få delta i aktivitetar som fremjar kommunikasjon og ei heilskapleg språkutvikling..».

Med utgangspunkt i dette har me laga oss utviklingsmål me skal jobbe med gjennom kompetansehevinga i regi av ReKomp:

- Auka kompetanse i heile personalgruppa i høve arbeid med barn si språkutvikling, og bevisstgjerjing kring arbeidet med språkstimulering
- Få auka kompetanse på foreldresamarbeid opp mot minoritetsspråklige barna i barnehagen

11.3.2 Berekraftig utvikling

«Barna skal lære å ta vare på seg sjølve, kvarandre og naturen. Berekraftig utvikling omfattar natur, økonomi og sosiale forhold og er en føresetnad for å ta vare på livet på jorda slik vi kjenner det. Barnehagen har derfor ei viktig oppgåve i å fremje verdier, haldningar og praksis for mer berekraftige samfunn»,
(Rammeplan for barnehage, s.10)

Furuly barnehage er sertifisert Miljøfyrtårn, og me skal aktivt arbeida for å fremja miljøvenlege tiltak med mål om lågast mogleg påverknad på ytre miljø. Som Miljøfyrtårn oppfyller me kriterier fastsett av stiftinga Miljøfyrtårn og gjennomfører tiltak for ei meir miljøvenleg drift og godt arbeidsmiljø.


Slik gjer me det:

- Vaksne som er gode rollemodellar
- Haldningsskapane arbeid
- Gjenbruk
- Resirkulering
- Me kjeldesorterer
- Fokus på å ta vare på naturen og alt som lever der

- Ikkje kaste boss
- Samle flasker
- Handlar produkt som er svanemerka eller miljømerka
- Ryddedugnad i og rundt barnehagen saman med barna

Godkjenning av årsplanen

Årsplanen vart godkjent av medlemmane i Samarbeidsutvalet etter gjennomsyn 20.09.21.



**Furuly barnehage
Olvikvegen 50a**

5416 Stord

telefonnr: 53454595

www.stord.kommune.no/furuly-barnehage

furuly.barnehage@stord.kommune.no